

Lokale retningslinjer - Ungdomsråd

Helse Førde



Bildet er generert av KI, og kvalitetssikra av Gunnlaug Nes-Berg

Retningslinjene er vedtekne av føretaksleiinga i Helse Førde 11.11.2025

Innhold

Innleiing	3
Kvifor ungdomsråd?	3
Mandat for ungdomsråd	3
Ungdomsrådet skal bidra til å oppnå:	3
Ungdomsrådet sine oppgåver er å:	3
Ungdomsrådet i Helse Førde	4
Samansetjing og oppnemning	4
Rekruttering av nye medlemmar	4
Opplæring og oppfølging av medlemmane i ungdomsrådet	5
Førebuing til møte	5
Gjennomføring av møte	5
Digitale møter på Teams	5
Innmelding av saker til ungdomsrådet	6
Oppgåvefordeling og forventningar i rådet	6
Dei ulike rollene i ungdomsrådet	6
Sosiale medier	7
Habilitet og konfidensialitet	7
Honorering av deltaking i ungdomsråd	7

Innleiing

Ungdomsrådet skal representere alle pasientar og pårørande i alderen 13 – 26 år i helseføretaket sitt opptaksområde. Erfaringskompetansen til ungdomsrådsrepresentantane er likeverdig med helsefagleg og administrativ kompetanse. Erfaringskompetansen kan kome frå pasient- og/eller pårøranderfaringar. Ungdomsrådet skal ikkje handsame saker om enkeltpasientar.

Dette dokumentet inneheld mandat og lokale retningslinjer for ungdomsrådet i Helse Førde HF. Ungdomsrådet skal evaluere dei lokale retningslinjene årleg, og kan gjere framlegg om endringar. Forslag til endring vert lagt fram for, og vedteke av ungdomsrådet. Endringar som medfører økonomiske konsekvensar må handsamast og vedtakast av føretaksleiinga i Helse Førde HF. Alle medlemmar i ungdomsrådet må sette seg inn i retningslinjene

Kvifor ungdomsråd?

Brukarmedverknad er lovfesta og støtta av Barnekonvensjonen¹. Likevel blir ungdom sjeldan inkludert i dei vanlege strukturane for medverknad i helseføretaka. Dette har Barneombodet² peika på som ei utfordring. Ungdomsrådet skal gi ungdom ei stemme i utforminga av helsetenester som påverkar dei direkte. Ungdomsrådet skal også vere ein arena der deltakarane kan dele erfaringar. I dette dokumentet vil du som rådsmedlem finne informasjon om oppnemning, opplæring og annan praktisk informasjon for medlemmer i ungdomsrådet.

Mandat for ungdomsråd

Ungdomsrådet skal bidra til å oppnå:

- A. gode og likeverdige helsetenester
- B. god samhandling og heilskaplege pasientforløp
- C. god medverknad frå pasientar, pårørande og deira organisasjonar
- D. samarbeid mellom ungdomsråd og felles brukarutval

Ungdomsrådet sine oppgåver er å:

- A. vere eit rådgivande organ for helseføretaket i saker av strategisk karakter som angår tilbodet til unge pasientar og pårørande i opptaksområdet
- B. bidra i mål- og strategiarbeid, forbettings- og omstillingsprosessar, gjennom deltaking i prosjekt, råd og utval og innspel til høyringar
- C. vere eit forum for tilbakemelding frå pasientar og pårørande om generaliserte erfaringar

¹ FN sin konvensjon om borns rettar, artikkel 12: [Lov om styrking av menneskerettighetenes stilling i norsk rett \(menneskerettsloven\) - Lovdata](#) og helseforetaksloven: [Lov om helseforetak m.m. \(helseforetaksloven\) - Lovdata](#)

² [Helse pa barns premisser.pdf](#)

- innanfor helseføretaket sitt ansvarsområde og oppgåver
- D. fremme saker av betydning for brukarar, pasientar og pårørande
 - E. etter invitasjon, føreslå ungdomsrådsrepresentantar frå ungdomsråd eller organisasjonar til plan- og prosjektarbeid, råd og utval
 - F. etter nærare behov og avtale, arrangere og/eller delta på relevante konferansar og kurs
 - G. samarbeide med andre ungdomsråd og eige brukarutval via samlingar og deltaking på møter. Her bør koordinator for ungdomsrådet hjelpe
 - H. ha kontakt med pasient- og brukarombod
 - I. evaluere eiga verksemd minst ein gang i løpet av funksjonsperioden
 - J. gi innspel til helseføretaket si årlege melding

Ungdomsrådet i Helse Førde

Ungdomsrådet i Helse Førde er eit råd med åtte til ti medlemmer (inkludert koordinator). Dette er ungdommar i alderen 13 – 26 år med ulik bakgrunn, i tillegg vil representant for leiinga i føretaket delta. Koordinatorar frå føretaket vil støtte medlemmene i arbeidet og ta seg av administrative oppgåver. Ungdomsrådsrepresentanten må ha eit avklara forhold til eigne pasient-/pårørandeerfaringar.

Samansetjing og oppnemning

Ungdomsrådet skal ha åtte medlemmer som vert oppnemnt for to år om gangen. Ungdom under 18 år må ha avklart vervet med sine føresette. Fordeling av representantar ser slik ut:

- Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon (FFO) - 1
- Samarbeidsforumet av Funksjonshemmedes Organisasjoner (SAFO) - 1
- Kreftforeningen - 1
- Organisasjonar som representerer brukarar innan psykisk helsevern og/eller tverrfagleg spesialisert rusbehandling (TSB) – 1
- Representantar rekruttert frå helseføretaket sine klinikkar – 2
- Fast representant frå felles brukarutval - 1
- Fast representant frå helseføretaket – administrerande direktør sin representant – 1

Alle faste representantar skal ha personleg vara, som skal varslast og møte når dei faste representantane ikkje har høve til å møte.

Rekruttering av nye medlemmar

Rekruttering skjer gjennom oppnemning frå organisasjonane nemnt over, og gjennom direkte rekruttering frå klinikkane. Ved rekruttering blir ungdomen invitert til ein samtale med leiar/nestleiar og koordinator(ar) for å avklare forventningar.

Opplæring og oppfølging av medlemmane i ungdomsrådet

Når du blir oppnemnt som medlem i ungdomsrådet vil du få tilbod om grunnleggande opplæring og informasjon om helseføretaket og deira oppgåver, lover og rettar, kva rolla di vil innebere og kva forventningar som ligg til ungdomsrådet si rolle.

Det er viktig å bli godt kjent med dei andre medlemmene i rådet slik at gruppa vert trygg på kvarandre og at arbeidet kjennes kjekt og meningsfullt. Det vil årleg bli gjennomført ein individuell samtale med alle medlemmer i rådet. Leiar og koordinator gjennomfører samtalen. Fokus i samtalen vil vere kva ein tenker om å vere medlem i ungdomsrådet og korleis ein kan vere med på å utvikle tenestene, i tillegg til spørsmål knytt til korleis ungdomsrådet fungerer.

Førebuing til møte

Leiar, nestleiar og administrativ koordinator førebur møta. Koordinatorane frå klinikkane spelar inn saker på førehand til administrativ koordinator. Alle medlemmer skal ha lese innkalling, sakliste og sakspapir før møtet, slik at ein kan bidra aktivt i diskusjonen i møtet.

Gjennomføring av møte

Ungdomsrådet skal gjennomføre 3 - 6 møte per år. Oppstartsmøte for nytt ungdomsråd skal arrangerast som ei fysisk samling, resterande møte kan vere digitale. Det blir sett opp møteplan for komande år i årets siste møte.

Leiar, nestleiar og koordinatorar planlegg møta saman. Innkalling og sakliste blir sendt ut ei veke før møtedato. Administrativ koordinator er ansvarleg for utsending av innkalling og sakliste, og for å skrive referat.

Medlemmene skal gje melding om fråvær frå møte til administrativ koordinator og/eller leiar i god tid før møte.

Digitale møter på Teams

Følgande gjeld for digitale møte:

- Alle skal ha på kamera gjennom heile møtet. Om noko uføresett skjer, skru av kamera og gi beskjed i møte-chat.
- Mikrofon er skrudd av når andre snakkar.
- Bruk symbolet "rekke opp handa" når du ønskjer å seie noko. Møteleiar vil gi deg ordet når det er din tur.
- Sørg for at du har det du treng tilgjengeleg før møtet startar, for å unngå unødvendige forstyrringar.

Innmelding av saker til ungdomsrådet

Alle saker til ungdomsrådet skal sendast på e-post til xxxxxxxxxx. Om saksinnmeldar tek direkte kontakt med ein medlem, så kan medlemmen anten vise vidare til koordinator eller til e-post adressa for innmelding av saker.

Oppgåvefordeling og forventningar i rådet

Dei ulike rollene i ungdomsrådet

Leiar skal:

- melde frå til koordinator/nestleiar om ein ikkje kan delta på møte og sikre at stadfortredar/nestleiar kan overta
- sette seg godt inn i innmeldte saker
- gjennomføre årlege samtalar med medlemmene i rådet saman med koordinator
- vere tilgjengeleg og ha god dialog med medlemmene
- vere bindeleddet mellom koordinator og medlemmene i rådet
- leie møta i rådet
- samarbeide og ha dialog med andre ungdomsråd i Helse Vest

Nestleiar skal:

- vere stadfortredar ved leiar sitt fråvær
- vere leiar sin støtteperson og samarbeidspartnar
- sette seg godt inn i innmeldte saker

Medlemmer skal:

- bidra til eit godt samarbeidsklima i ungdomsrådet, og til eit godt samarbeid med helseføretaket
- vere ei tydeleg stemme for unge pasientar og deira pårørnde i sjukehuset
- gjere seg kjent med, og følge helseføretaket sine etiske retningslinjer
- levere reiserekningar og ev. krav om møtegodtgjering i samsvar med retningslinje for honorering

Kommunikasjonsansvarleg skal:

Her kan ungdomsrådet sjølv vere med å forme rolla når det er etablert.

Administrativ koordinator skal:

- vere kontaktperson for interne og eksterne førespurnader
- utarbeide årsplan, kalle inn til møter, saksliste og førebuing av saker, samt skrive referat
- rapportere ungdomsrådet sin aktivitet i årsrapport, og elles ved førespurnad
- sørge for eigna metodikk tilpassa aldersgruppa

Administrative og faglege koordinatorar skal saman:

- hjelpe leiar og nestleiar i ungdomsrådet med deira funksjonar, mellom anna gjennom faste samarbeidsmøte
- sikre faste dialogmøte mellom leiar og nestleiar av ungdomsrådet og leiing ved barne- og ungdomsavdelinga, leiing i psykisk helsevern for barn og unge og leiing for habiliteringstenesta for barn og unge
- ha ansvar for rekruttering av nye rådsmedlemmer
- hjelpe ungdomsrådet ved ulike representasjons- og kommunikasjonsoppgåver

Sosiale medier

Det kan vere fint å gjere arbeidet til ungdomsrådet kjent i sosiale media. Dersom medlemmar ønskjer å legge ut bilete/saker for å promotere ungdomsrådet og arbeidet, skal innhald avklarast med dei andre medlemmane og koordinatorar på førehand.

Habilitet og konfidensialitet

Ungdomsrådet er eit viktig organ i helseføretaket, og vil i kraft av si rolle kunne få tilgang til informasjon av sensitiv karakter og kunne påverke avgjerder som vedkjem helseføretak, private aktørar og andre interessantar. Forvaltningslova sine reglar for habilitet gjeld for medlemmar i ungdomsråd.

Medlemmar i ungdomsråd skal ikkje vere involvert i verksemdar med forretningsmessige interesser i helseføretak.

Medlemmar i ungdomsrådet skal som hovudregel ikkje vere tilsett i helseføretak.

Medlemmar i ungdomsråd skal som hovudregel ikkje vere medlem i andre ungdomsråd i spesialisthelsetenesta.

Medlemmar i ungdomsrådet underteknar teieplikterklæring.

Honorering av deltaking i ungdomsråd

Inntil nye nasjonale retningslinjer for ungdomsråd er på plass, nyttar vi dei tidlegare satsane for brukarmedverknad i Helse Vest som utgangspunkt. Deltaking i ungdomsråd i Helse Førde HF blir godtgjort med **kr 310 per time**.

Leiar og nestleiar har eit utvida ansvar, i og mellom møta. Dei kan difor få honorering for ekstra arbeid, som til dømes oppfølging og koordinering, samt møteførebuing. Dette skal avtalast med administrativ koordinator, og kan utgjere inntil **3 timar til kvart møte**, avhengig av arbeidsmengde og oppgåvefordeling.

Denne ordninga gjeld fram til nasjonale retningslinjer er vedtekne.